




# ØyNytt

Nummer 2  
Mars 2021  
48. årgang

Informasjon for Hjelme og Blomvåg sokn



## Olav Martin Vik går av med pensjon

**4** Me har intervjuja tidlegare kyrkjeverje og ordførar som pensjonerar seg.



**14** Aktivitetsdagar på Skjergardsheimen

**8** Den gamle kyrkjevegen til Hjelme

**10** Lat føtene hjelpe kroppen og sjela

**11** Digital påske

**12** Påsken frå A til Å

**13** Påskequiz

**16** Rikmannsdottera som valgte slummen

## Årsmøte for Hjelme og Blomvåg sokn

Onsdag 28. april kl. 19.00  
i Blomvåg kyrkje

Årsmeldinga vert lagt ut på:  
[www.kyrkja.no/hjelmeogblomvag](http://www.kyrkja.no/hjelmeogblomvag)



### Fem nummer

ØyNytt vil komme ut med fem nummer i år. Tidlegare har det blitt utgitt seks nummer. Endringa kjem til hausten med eit blad i byrjinga av oktober og eit blad i desember.



### Personalnytt

Mona Iren Hansen (41) er tilsett i vikariat i Øygarden kyrkjelege fellestråd fram til og med mai 2021. Ho skal arbeide som kontor- medarbeidar med oppgåver som resepsjonsteneste og økonomiarbeid.



Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

**Hjelme kyrkje: #75628**

**Blomvåg kyrkje: #75632**

**Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

## Leiar

**Annlaug Børve**  
Ansvarleg redaktør



Eit heilt år har gått sidan regjeringa trykte på den såkalla "store raude knappen," og vi har måtta lært oss å leve eit liv utan handhelsing, klemmar og mingling. Koronarestriksjonar og smittevernreglar har i stor grad har teke frå oss mogelegheita til å vere nære kvarandre. Vi kjenner på at vi er inderleg leie og at dette verkeleg røyner på.

Likevel vil eg trekkje fram *takknemlegheit* som ein viktig verdi i denne tida.

Studiar har vist at det å uttrykke og oppleve takknemlegheit aukar opplevinga av håp, optimisme og kjensla av å vere fornøgd. I tillegg bidrar takknemlegheit til å redusere depresjon, angst, misunning og stress. I ein situasjon der vi føler oss pressa eller at vi held på å gå under, kan det altså vere til stor hjelp å prøve å finne grunnar til å vere takknemleg.

Mi oppfordring når vi no skal over den forhåpentlegvis siste koronakneika, er altså å med alle krefter gå inn for å for å leggje merke til og takke for alt det gode vi er omgitt av. Sjå etter vårblomane, høyr på fuglekvisperet, kjenn sola varme! Tenk over kva familie, vener og medarbeidarar betyr for deg, og fortel dei det! Og no i påsketida passar det godt å grunne på nåden, kjærleiken og frelsa vi har i Jesus.

Så vil eg nytte høvet til å uttrykke eit hjartans takk til Olav Martin Vik. Etter ein lang og innhaldsrik karriere som mellom anna ordførar og kyrkjeverje, har han bestemt seg for å gå av med pensjon. Med dette er det ein markant, hardtarbeidande, godhjarta og dyktig leiar som gir seg i arbeidslivet. Eg takkar Olav Martin for tenesta og ønskjer han alt godt i sitt nye liv som pensjonist. Han kjem til å bli sakna i arbeidsfelleskapen.

**Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg!**

Matteus 28:6

## Andakt



**Espen Tveten**  
Sokneprest

### God påske!

Historia til mannen Johan Halmrast er fylt av mykje lidning. Han var son av ein rik forretningsmann frå Lillehammer. Men familiebusinessen gjekk konkurs, og familien måtte flytte inn til slekta i Oslo. Men det gjekk gale der også. Det vart eit liv i fattigdom på eit lite kvistrom og frå Johan var 12 år måtte han stort sett klare seg åleine. Han var kortvaksen, pukkelrygga og hadde deformerte hender. Mykje gjekk imot han, men han bar på ein draum, og det var å verta salmediktar. Hans arv til oss er ein av dei finaste påskesalmane våre. «Å salige stund uten like» heiter songen som beskriv Maria Magdalena sitt møte med den oppstadne Jesus. Det var nok mykje av sitt eige liv han la i Marias munn, då han skreiv:

*Han lever, og jeg skal få bringe hans venner det salige ord - tenk, jeg som er ringest blant ringe, den minste han kjenner på jord. Tenk, jeg skal hans hilsen frembære; å kunne jeg syngte det ut! /: Mer kunne ei engler begjære enn gå med så salig et bud. /*

Ovanfor Gud er det djupt demokratisk, me er alle jamstilte. Me har alle det same problemet, at me ikkje kjem opp til Guds standard. Likevel er me alle gjeven det same håpet. Rang og posisjon er utan tyding for Gud. Då Halmrast skulle gravleggjast som 46-åring dukka berre faren og 4 offiserar frå frelsesarmeen opp. Han etterlot seg ikkje jordisk gods, men den indre rikdomen han eigde var ein glede større enn noko anna. Han hadde som Maria Magdalena sett at Jesus lever. «Å salige stund uten like, han lever han lever ennu. Han vandrer i seierens rike, min sjel hvorfor sørger da du?» Tross alt det mørke, er det likevel grunn til glede.

Under Ski-VM i Oberstdorf var det mykje fram og tilbake rundt kven som var den rette sigerherren av 5-mila. Berre ein kunne vinna og kven hadde oppført seg slik at han fortente sigeren? Når det gjeld påskebodskapen vert det snudd på hovudet, og det utrulege er at me vart tilkjen sigeren for noko me aldri vann.

Det er mykje ureglementert i vår framferd fram til målstreken. Likevel vert me erklært som sigerherre over synda og døden. Jesus let seg senka ned i grava for så å stå opp til livet. Slik opnar han døra til livet for oss. Det er grunn til å feira at døden ikkje får det siste ordet. Gratulerer med sigeren.

God påske alle saman!



ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn. Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

#### Kjem ut 2021:

26. mars  
4. juni  
1. oktober  
10. desember

Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

**Utgjevar:** Hjelme og Blomvåg sokneråd

**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk produksjon:** Yngvild Mørner Sørheim

Miljømerket trykksak 2041 0699

**Trykk:** Bodoni AS

**Kontingent:** Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

**Takkeannonsar:** Kr 100

**Annonsar:** Kontakt redaksjonen: ys487@kyrkja.no

**Bankkontonummer:**

1503.84.37590 for kontingenter og gåver

**Opplag:** 2500 pr. nummer. 5 nummer i året.

**DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellestråd

**Telefon:** 400 03 316

**E-post:** [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

**Besøksadresse:** Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume

**Postadresse:** TYTEBÆRREKKE 2, 5353 STRAUME

**Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:**  
[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

**Facebook:** HjelmeogBlomvågSokn

**Soknepresten i Hjelme og Blomvåg:**

Espen Sigve Tveten  
**E-post:** [et838@kyrkja.no](mailto:et838@kyrkja.no)  
**Telefon:** 91 61 78 00

**Leiar i soknerådet:** Erling Vik

**E-post:** [erl-vik@online.no](mailto:erl-vik@online.no)

**Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellestråd:** 976 995 430

**Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps**

# —Har vore ei utfordrande og spennande tid

I haust gjekk Olav Martin Vik frå å vere kyrkjeverje til rådgjevar i Øygarden kyrkjelege fellesråd. No skal han pensjonere seg og me mimrar litt tilbake på den lange karrieren Olav Martin har hatt som politiskar og kyrkjeverje.

**Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim**

*Korleis vil du oppsummere dine rollar innanfor kyrkjeleg verksemd, først i gamle Øygarden og sidan i nye Øygarden kyrkjelege fellesråd?*

Eg tok til som kyrkjeverje i gamle Øygarden i 2000. I slutten av det året vart eg vald til ordførar og tok til i den rolla frå 2001. I starten var eg både ordførar og kyrkjeverje. Eg kom tilbake som kyrkjeverje i 2011. Kyrkjeverje er ei leiarstilling. Det betyr at ein må ha oversikt over heile verksemda og syte for at organisasjonen fungerer. Me forvaltar også kyrkjer og gravplassar og har ansvar for gravlegging av alle døde i kommunen. Dei siste åra var eg kyrkjeverje i Øygarden, Fjell og Sund og til slutt i nye Øygarden.

Det har vore ei utfordrande og spennande tid, ikkje minst dei siste åra med å slå saman tre organisasjonar, få den nye organisasjonen til å fungere og at medarbeidarane kunne kjenne seg trygge inn i den nye tida. For min del har dette gått bra, ikkje minst fordi eg har hatt ein

flott stab å samhandle med. Det har også vore eit godt samarbeid med dei kyrkjelege råda og eg nyttar høvet til å takke dei for godt leiarskap.

*Du var prosjektleiar for samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda i Øygarden, Sund og Fjell. Kan du fortelje litt om korleis den prosessen var for deg?*

Saman med mine kollegaer initierte eg opplegget for prosessen. Me fekk tilslutning frå dei kyrkjelege råda for opplegget og starta arbeidet hausten 2017. Me la vekt på medverknad frå våre medarbeidarar. Det var krevjande tider og ofte lange dagar. Verksemda vår skulle gå som vanleg og i tillegg skulle me slå saman organisasjonane. Igjen må eg berre vise til kyrkjestaben som la seg i selen og bidrog til at me hausten 2019 hadde lagt grunnen for det nye fellesrådet. Så er det slik at denne typen prosessar vil vare lenge etter at sjølve prosjektarbeidet er avslutta.

*Kva har ditt engasjement som politiskar og tidlegare ordførar hatt å seie for arbeidet i dine kyrkjelege rollar?*

Som politiskar og ordførar får ein oversikt og innsikt i mykje. Eg var politiskar i 25 år. Ein lærer å forstå og kjenne til korleis offentlege verksemdar arbeider. Ikkje minst som ordførar kjem ein tett på offentleg forvaltning. Min politiske bakgrunn har vore god å ha inn i rolla som kyrkjeverje både som leiar, men også når vanskelege saker skulle handterast. Ein skal også forstå si rolle i høve til dei kyrkjelege råda (fellesråd og sokneråd) og kven som bestemmer til slutt. Det lærer ein som politiskar.

*Kva tenkjer du er viktig for at kyrkja skal opplevast som levande og relevant for folk i Øygarden?*

Det er å ha opplegg som møter folk med utgangspunkt i deira behov. Lenge kunne våre tilbod vere statisk og like over lang tid. Me kjenner sikkert alle på at samfunnet endrar seg raskare enn før og her må me





# Takk, Olav Martin!

følgje med. Eit døme er at me i mars 2020 måtte ta i bruk digitale plattformer for å nå ut til folk. Eg trur også at det er viktig at me er tydeleg i budskapen vår i møte med menneske. Me skal ikkje gå på akkord med det som er kyrkja si eigentlege rolle. Det tener ingen.

*Dersom du ser bakover på karrieren din, er det hendingar du ser på som spesielt minnerike og som kan gje håp og inspirasjon til kyrkja si verksemd inn i framtida?*

I mine to første jobbar i næringslivet hadde eg to tøffe leiarar. Det var ein tøff skule, men eg lærte også av dei at medarbeidarane skal takast godt vare på. Det har eg prøvd å etterleve. Medarbeidarane mine vil eg trekke fram som eit godt minne. Eg har hatt eit godt samarbeid med kommunane i rolla som

kyrkjevevjerje og vil takke det kommunale leiarskapet. Det har vore store og små hendingar. Små hendingar er av og til like viktige som dei store. Den norske kyrkje er eit trussamfunn. Me er også gravferdsmyndigheit på vegne av stat og kommune. Summen av opplevingar vert mange og det er vanskeleg å trekkje fram eit enkelt døme.

Eg gler meg over kyrkjerom som fyllest opp av menneske i alle aldrar når ein møtest til gudsteneste, eller når foreldre kjem med borna til babysong, for å nemne noko. Alle dei som deltek på leirane våre gler meg også. Det er fint når kyrkjerommet vert fylt opp av menneske som møter fram i gravferder. Eg trur mange kjenner det trygt og godt når ein kjem inn i kyrkjene våre, også når sorga

rår. Dei fleste gravferdene følgjer kyrkja si seremoniordning.

Summen av alt som skjer må gi inspirasjon for framtida, ikkje minst for kyrkjelydane lokalt.

*Du er snart pensjonist, har du nokon planar for tida framover?*

Det har vore lange arbeidsdagar i mange år. Eg har vore frivillig medarbeidar og var politisk aktiv i 25 år. Eg tenkjer at no vert det godt å ikkje ha avtaleboka full og ser eigentleg fram til å vere eigen herre over dagen. Så vert det nok meir tid til familien. Eg likar også å arbeide fysisk og kvir meg ikkje for tunge tak. Det ventar arbeid både i og utanfor huset og i naustet. Det viktigaste er å få ha ei god helse, noko me ikkje har garanti for.

## Helsing frå Dag-Olav Bjørøy, leiar i fellesrådet

Olav Martin har bak seg lang fartstid som kyrkjevevjerje i gamle Øygarden. Da Fjell hadde behov for kyrkjevevjerje i ein periode, tok han den oppgåva – og då Sund straks etter fekk same behovet, tok han sanneleg Sund òg. Vi har vore storleg imponerte over Olav Martin sin arbeidskapasitet og gjennomføringsevne samtidig som han har vore nøyaktig. Han har analysert og forbetra, han har rydda og motivert – og han har vore eksemplarisk tydeleg. Da vi fekk ein pandemi tredd ned over oss, starta han med ein gong med å gi klåre lokale retningslinjer. I sin lett formelle stil har han vore lett å ha med å gjere, både for tilsette og for fellesrådet.

Vi ønskjer Olav Martin lukke til som pensjonist (og vi har alltid plass til han som frivillig).

## Helsing frå Annelaug Børve, kyrkjevevjerje

Eg har hatt gleder av å samarbeide med Olav Martin i fleire ulike samanhengar. Først då han var ordførar i Øygarden kommune og eg var tilsett som jurist, seinare då vi begge var kyrkjevevjerjer i kvart

vårt fellesrådsområde, og til sist under og etter samanslåinga av fellesråda.

Olav Martin er ryddig til fingerspissane. Han er jordnær, alltid i forkant, kunnskapsrik, tydeleg og påliteleg. Samtidig har han eit varmt hjarte og omsorg for dei han har rundt seg. I leiarskap og arbeid skin det gjennom at trua og takknemlegheit for nåden og frelsa i Jesus Kristus er eit ankerfeste for han. Olav Martin set gode spor etter seg både i kommunen og i kyrkja. Det er vemodig at han no går av med pensjon, og han kjem til å bli sakna. Samtidig er ein rolegare livsfase som pensjonist han vel unt! Eg takkar Olav Martin for lang og tru teneste, og ønskjer han alt godt for dagane som kjem.

## Helsing frå Espen Tveten, sokneprest i Hjelme og Blomvåg

Det vil merkast at Olav Martin sluttar som kyrkjevevjerje. Over ein periode på 8 år har eg lært han å kjenne som ein god og samvitsfull person – eg vil sakna han. Olav Martin har stor arbeidskapasitet, hans kunnskap er allsidig og han har oversyn over mange sakar. Han har «orden i saksakene» for å bruke eit av hans

eigne uttrykk. Han er ein tydeleg leiar og menneske rundt er sjeldan i tvil om kva han vil formidla. Ei side ved Olav Martin eg har sett særleg stor pris på, er at han ofte kjem attende til vårt eigentlege oppdrag som kyrkje. Det er å forkynne frelsa i Jesus Kristus. Uavhengig av kva slags funksjon ein har i kyrkje, vil dette alltid vere hovudoppgåva. Eg ønskjer han ei velsigna pensjonisttid og velkomen over i rekka av uløna medarbeidarar.

## Helsing frå Yngvild Mørner Sørheim, redaktør i ØyNytt

Olav Martin har i fleire år vore redaktør for Fjell kyrkjeblad og ØyNytt, og me har hatt eit svært godt samarbeid i produksjon av blada. Då eg var nyutdanna grafisk designer og skulle byrje som informasjonsmedarbeidar i gamle Fjell kyrkjelege fellesråd tok han godt imot meg. Eg vil takke han for samarbeidet og god opplæring! Han har vore ein presis og stabil leiar som alltid har hatt eit godt innblikk i alt som skjer. Eg kjem til å sakne å jobbe med han. Med dette ønskjer eg han ei riktig god pensjonisttid.

1. a) Å salige stund uten like – 2. b) 40 dagar – 3. a) Fettevysdag – 4. c) Utgangen fra Egypt – 5. a) Palmesøndag – 6. b) Øvstepresten Kalfas 7. c) Han hugg øret av ein tenar med sverd – 8. a) Tomas – 9. c) Kona til Pilatus - 10. b) Barrabas - 11. a) Pontius Pilatus - 12. b) Soldatane 13. a) Simon fra Kyrene – 14. b) Far, i dine hender gjev eg mi ånd! – 15. a) Fullmånen

Fasit påskequiz s. 13:

# Då ein gjekk til kyrkja - den gamle kyrkjevegen til Hjelme

Å gå pilegrimsturar har vorte populært. Å ta beina fatt på denne måten gjer godt for både kropp og sjel. 2 pinsedag, 24. mai, vert det tur langs den gamle kyrkjevegen til Hjelme gamle kyrkje for både store og små. Turen vert avslutta med ei kort gudsteneste i gamlekyrkja.

**Tekst og foto: Espen Tveten og Egil Sæle**



I Øygarden kommune har eit nytt prosjekt fått namnet Nye PiN (Perler i Nordsjøløypa) der eitt av måla er å byggje opp om felles identitet i den nye kommunen. I prosjektet har kommunen inkludert Kystpilegrimsleia, det vil seie dei tre gamle kyrkjevegane i Hjelme, Sund og Fjell. Det er i samarbeid med kommunen at kyrkja arrangerer denne Kystpilegrimsvandringa 2. pinsedag.

Det er mykje av historisk verdi knytt til dei gamle kyrkjevegane. Egil Sæle har god

lokalhistorisk kunnskap og i avsnitta under fortel han om korleis folk kom seg fram til kyrkja.

Historisk er det sjøen som har vore kyrkjevegen for folk i Hjelme sokn. Dei rodde og sigla frå alle øyane til Hordabø eller Manger kyrkje på Radøy. Då soknet fekk eiga kyrkje i 1875, var det framleis sjøvegen som var den enklaste. No kunne dei koma seg til kyrkja utan å krysse den verharde Hjeltefjorden. Men framleis måtte

dei ro over fjorden om vinteren. Presten våga seg ikkje utpå med åttringen frå oktober til april. Først etter 40 år, då Hjelme vart overført til Herdla prestegjeld i 1916, kunne dei få halda gudsteneste i kyrkja si om vinteren. Då hadde det også kome motorisert skyssbåt for presten. Heile tida fram til 1958 kom likevel dei fleste til kyrkja med båt. Frå Lyngøy, Hernar, Sanden, Sulo, Nordøy, Svellingen, Stura, Skjold, Hatten, Hovden, Nordvik måtte dei i færingen for



Egil Sæle har god lokalhistorisk kunnskap



Kyrkjevegen

## KYSTPILEGRIMSVANDRING

- 24. mai (2. pinsedag) kl. 11.00
- Ta med gode klede og fottøy

Oppmøte i Hellesundet (Sonne). Der er det ikkje parkeringsplassar. Parker ved gravplassen ved Hjelme kyrkje eller Bakken skule. Derifrå er det 1-2 km til der den gamle kyrkjevegen startar. Kyrkjevegen er 2 km lang og tar omtrent 45-60 minuttar. For å hente bilane må ein då gå same vegen tilbake, eller gå på bilvegen, det er ca. 3 km. (45 min)

**Inga påmelding,  
velkomen på tur!**



Foldnes kyrkjelyd gjekk kyrkjevegen i 2019

å koma seg til Hjelme. Også frå Hellesøy og Hellesund kunne det vera lettare å ro Hjelmevågen om veret var fint enn å gå gjennom ulendt terreng.

For å kome seg til kyrkja utan båt, måtte folk ta seg fram gjennom utmarka. Dette var folk frå Nautnes, Sæle, Bakken, Hellesund og Hellesøy. Det fanst ikkje veg, men stiar kom til med tida. Desse stiane var likevel ikkje særleg godt opparbeidde, og det var alltid fare for å få kyrkjekleda tilsølte i myrlendt terreng. Det vert fortalt at eit uthus i Hjelme vart brukt som omkleddingsrom for kvinner som ikkje tok sjansen på å vandra gjennom utmarka i finstasen. Lakkskorne kom også på her, sidan mange gjekk i treskor gjennom

marka. Også eit naust vart brukt til dette formålet for dei som kom sjøvegen og ikkje ville koma søkkvåte av sjøsprøyt til kyrkja.

Kyrkjestiane frå Nautnes og Sæle er borte etter at bilvegen vart bygd ferdig i 1955, men den gamle kyrkjevegen frå Hellesund til Hjelme finst framleis. Ein sidearm av denne stien kjem opp frå Bakken. Det var frå slutten av 1800-talet og fram til 1955 at denne stien vart mykje brukt. Elevar frå Hjelme brukte også denne stien som skuleveg til Bakken. Utanom ruta frå Utnesdalen, gjekk det også ein sti nærare Hjelmevågen der det var meir berglendt og lettare å ta seg fram tørrskodd. På 1930-talet starta eit arbeid med å opparbeida veg frå Hjelme

til Hellesund. Sysselsettingsmidlar vart løyvde til dette prosjektet, men det vart aldri fullført. Berre nokre vegstubar av det me vil kalla kjerreveg vart bygde. Her henta dei stein i terrenget, og knuste stein med pukhammar og slegge på staden. Grunnen til at arbeidet stoppa opp, var at Hjelmefolket seinare heller ville ha vegutløysing til Sæle, der det var dampskipskai, butikk og postkontor. Denne vegen som vart til ved pliktarbeid, var ferdig i 1955. Då Nautnesbrua vart opna i 1958, kom det kyrkjebuss, og Alvheim Krins i Herdla vart lagt til Hjelme sokn. Kyrkjevegen frå Hellesund har sidan berre vore i bruk som tursti.

# Lat føtene hjelpe kroppen og sjela



Dei siste åra har pilegrimsturar vorte meir og meir populært. Då går ein som regel lenger enn den gamle kyrkjevegen i Hjelme. Nordmenn reiser til Spania og Italia, og utlendingar kjem til Noreg.

Både Nidarosdomen og Selje kloster er ynda reisemål for pilegrimar. Dei som legg ut på slike turar seier dette er ein einestående måte å oppleva natur og kulturarv på.

At slike pilegrimsturar har fått eit oppsving, gjer oss nokon teikn i tida om det åndelege. For det fyrste er det «stuereint» å ikkje berre søkja Gud i kyrkjerommet. Naturen er skapt av Gud og vitnar om hans storleik. Mange får ei sterkare oppleving av Gud når ein kjem seg ut i naturen. Når ein går på føtene, går tanken òg. Å vandra på vegar der ein veit at folk har gått i lang, lang tid gjev ein sterk dimensjon på vandra. Ein vart ein del av ei historie som er mykje større en ein sjølv.

## Ei historisk arv

I gamle dagar var det eine og åleine religiøse grunner og trua på Gud som førte folk ut på pilegrimsvandring til stadar

med særskilt kristen verdi. Ein kunne frå kyrkjeleg hald verta pålagt å leggja ut på pilegrimsvandring for å sone for sine synder. Med reformasjonen på 1500-tallet vart det bråstopp for valfarten til heilage stadar. Men nå i moderne tid har derimot meir spirituelle og personleg motiverte grunner, gjeve ei oppblomstring for pilegrimsturane

Ei pilegrimsvandring oppfattast ofte som både ei indre og ei ytre reise. For dei som har ein travel kvardag, kan ein lengta etter ro og avkopling. Krav om å prestera og yta heng tyngande over ein. Å koma seg ut i naturen kan hjelpa.

## Eit mål der framme

Ei pilegrimsreise har eit mål. Visst er reisa i seg sjølv eit mål, men ho har og eit mål. Her kunne gjerne nokon pilegrimsturar vore meir konkrete. I det moderne samfunnet løftast det individuelle

**Espen Sigve Tveten**  
Sokneprest Hjelme og Blomvåg



fram og at me i stor grad må skapa meining og mål med livsreisa vår. Men i pilegrimstradisjonen er det ikkje eit mål å kopla seg av, men å kopla seg på. Ein koplar seg på Gud og fellesskapet og når ein kom i mål vart takka retta mot Gud. Difor må ikkje pilegrimstradisjonen verta for turistifisert. Ei pilegrimsreise er eit førebilete på livsreisa vår der endemålet er himmelen.

Eg trur pilegrimstradisjonen vil stå seg i lang tid. Den er ganske så tidsrett når me i dag har fokus på helse, mosjon og å ta vare på kroppen. I ei tid med lausriving frå institusjonar og moralske forpliktingar, vil det verta eit tomrom. Her kan pilegrimstradisjonen knyte oss til røtene våre og hjelpa oss i å finna vår identitet.

## God tur!

# Digital påske

Me lagar eit digitalt tilbod med påsegudstenester til dei som ikkje kjem seg til kyrkja i påsken i år!

**Palmesøndag frå Landro kyrkje**  
**Skjærtorsdag frå Foldnes kyrkje**  
**Langfredag frå Sund kyrkje**  
**Påskedag frå Blomvåg kyrkje**

Gudstenestene vert lagt ut kl. 11.00 på facebooksidane til kyrkjene og på nettsida vår. Der vert dei liggande ei veke.

[www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)



DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING

 **KIRKENS  
SOS**

# Vårkonserter Vårkonserter

**Vivian Steinsland - song**  
**Øystein Steinsland - piano**  
**Kristoffer Fløtberget - fiolin**

**Fjell kyrkje**  
måndag 3. mai

**Kausland kyrkje**  
onsdag 5. mai

**Blomvåg kyrkje**  
fredag 7. mai



**Konsertstart kl. 19.00**  
**Gratis inngang**  
**Kollekt ved utgang / vipps**

DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege fellesråd

# Påsken frå A til Å

H for hytta, P for Pilatus, E for engel.  
Me let alfabetet hjelpe oss gjennom fleire sider ved påsken.

**Tekst: Trygve W. Jordheim og Per Hjemdal**



**A for Agnus Dei:** Latin for Guds lam. Jesus er eit offerlam for menneska si synd.

**B for brødsbrytinga:** Nattverden, som det også vert kalla, oppstod i det Jesus la nytt innhald i det jødiske påskemåltidet.

**C for cirka:** Jesus var cirka 33 år gamal då han døydde og stod opp igjen.

**D for Davids son:** Det var avgjerande at Messias, kongen frå Gud, hørde til Davids ætt. Jesus stamma frå David både på mor og far si side.

**E for eselet Jesus reid på:** Profeten Sakarja hadde forkynt at kongen skulle vere audmjuk og ri på eit esel, Sak 9,9.

**F for forneking:** Peter nekta 3 gonger at han kjente Jesus, enda han hadde skrytt av sitt eige mot. Jesus sa på førehand at det kom til å skje.

**G for "gå forbi":** Påske, pascha på hebraisk, tyder "gå forbi" og viser til natta då engelen frå Gud slo i hel dei førstefødde hjå egyptarane, men gjekk forbi heimane til hebrearane, som hadde smurt blod frå eit lam på dørkarmene. 2. Mosebok 11.

**H for Herodes:** Herodes Antipas, son av Herodes den Store, var konge i Galilea då Jesus døydde. Han vona å sjå under og teikn, men då Jesus var heilt stille, tok han del i å spotte Jesus saman med soldatane sine.

**I for INRI:** Innskrifta Pilatus sette på korset for å ta igjen etter at dei jødiske leiarane hadde pressa han for å få han til å korsfeste Jesus. I for Iesus, N for Nazarenum (frå Nasaret), R for Rex (konge), I for Iudaeorum (jødane). Det latinske alfabetet hadde ikkje bokstaven J.

**J for Jesus:** Påskens kjernebodskap er at Jesus døydde på ein kross for syndene til menneska og stod opp igjen.

**K for krossen der Jesus døydde:** Jesus døydde etter berre 6 timar, men av og til kunne ein leve på krossen i fire-fem dagar.

**L for Langfredag:** Dagen då Jesus vart krossfesta heiter langfredag – fordi den er lang og sorgtung.

**M for Maria:** Jesu mor, Maria, var blant dei som var der då Jesus vart krossfesta.

Maria Magdalena fann grava tom søndag morgon.

**N for Nikea:** På kyrkjemøte i Nikea i 325 vart det bestemt at påskedag skulle vere første søndag etter første fullmåne etter vårjamdøgn. Nikea heiter i dag Iznik og ligg i Tyrkia.

**O for oppstoda:** Jesus stod opp på søndagen, den 3. dagen etter at han døydde på fredagen.

**P for Pontius Pilatus:** den 5. romerske landshøvdingen i Judea etter at romarane tok kontroll over landet og den som offisielt dømte Jesus til å dø.

**Q for Quo vadis:** historisk roman av Henryk Sienkiewicz, første gang utgitt i 1896. Tittelen spelar mellom anna på Johannes 13, 36. Historia handlar om Peter som til slutt må gå same veg som Jesus når han som eldre mann dør for Jesu skuld.

**R for røveren på korset:** To forbrytarar blei krossfesta saman med Jesus. Ein spotta, men ein trudde og ble frelst. Lukas 23, 39-43.

**S for Skjærtorsdag:** Skjær tyder "rein" (Skir) og spelar på at Jesus innstifta nattverden på torsdagen. Ved nattverden får ein tilgjeving for synd og blir rein.

**T for tornekrone:** Dei romerske soldatane fletta ei krone av tornar som dei sette på Jesu hovud for å gjere narr av han.

**U for uskuldig:** Klagemåla mot Jesus om at han skulle ha spotta Gud og Guds tempel var falske, og blei framført av upålitelege vitnar, Markus 14, 55-64

**V for vin:** Vin blei drukke ved påskemåltidet. Ved Guds skaparord og Den Heilage Andes kraft blir vin til Jesu blod i nattverden.

**W for weekend:** For mange er påska først og fremst ein lang-weekend der ein kan kose seg litt ekstra.

**X for x-kross:** Ein annan type kross som romarane brukte. Jesus blei antakeleg krossfest på ein vanleg t-forma kross.

**Y for Ynkeleg:** Ynkeleg og forakta, ein som ikkje blei rekna for noko – slik profeterte Jesaja om Jesus fleire hundreår før han døydde. Jesaja 53.

**Z for Zzzzz:** Sjølv Jesu næraste og mest fortrulege vener svikta når han bad dei be med han. Dei sovna i staden! Matteus 26.

**Æ for ære:** «Deg være ære» er ein av dei mest kjente påkesalmane. Teksten er skrivne av sveitsaren Edmond Louis Budry i 1885 og oversatt til norsk av Arne Fjelberg i 1947.

**Ø for øvsteprest:** Kaifas var øvsteprest når Jesus døyde, og tala profetisk utan å vite det, i det han sa at det var betre at ein mann døydde for folket enn at heile folket gjekk til grunne. Johannes 11, 49-50

**Å for åker:** Judas, som sveik Jesus, angra og tok livet av seg sjølv. For dei 30 sølvpengane han hadde fått for sviket, kjøpte jødanes leiarar ein åker som fekk namnet "blodåkeren" og blei gravplass for utlendingar.

## Påskequiz

1. Kva salme av Johan Halmrast heitte opprinneleg «Maria Magdalenas Jubel»?

- a) Å salige stund uten like
- b) Påskemorgen
- c) Deg være ære

2. Kor lenge varer fastetida?

- a) 4 veker
- b) 40 dagar
- c) 7 dagar

3. Kva dag kjem før askeonsdag?

- a) Feitetytdag
- b) Vasketytdag
- c) Kvitetysdag

4. Jødane feira påske for å minnst ... ?

- a) Salomos tempel
- b) Då Gud skapte verda
- c) Utgangen frå Egypt

5. På kva dag reid Jesus inn i Jerusalem på eit esel?

- a) Palmesøndag
- b) Feitetytdag
- c) Askeonsdag

6. Kven blei Jesus først ført til etter å ha blitt tatt til fange?

- a) Pontius Pilatus
- b) Øvstepresten Kaifas
- c) Kong Herodes

7. Kva for valdshandling gjorde Peter i samband med arrestasjonen av Jesus?

- a) Han beit ein av soldatane
- b) Han slo Jesus for å vise at han ikkje var læresveinen hans
- c) Han hugg øyret av ein tenar med sverd

8. Kven av læresveinane fekk tilnamnet «tvilaren»?

- a) Tomas
- b) Judas
- c) Peter

9. Kven var kvinna som advarte Pontius Pilatus mot å ha noko med saka mot Jesus å gjera?

- a) Maria Magdalena
- b) Maria, Jesu mor
- c) Kona til Pilatus

10. Kva var namnet på mordaren Pontius Pilatus sette fri i staden for Jesus?

- a) Judas Iskariot
- b) Barrabas
- c) Justus

11. Kven sto bak avgjerda om å la Jesus bli piska?

- a) Pontius Pilatus
- b) Ein ukjend soldat
- c) Øvstepresten Kaifas

12. Kva yrkesgruppe slo Jesus med stokkar og plasserte ei tornekrone på hovudet hans?

- a) Prestane i tempelet
- b) Soldatane
- c) Tollarane

13. Kven hjalp Jesus å bera krossen?

- a) Simon frå Kyrene
- b) Saulus frå Tarsus
- c) Simon Peter

14. Kva var dei siste orda Jesus sa før han døydde på korset?

- a) Det er fullbrakt!
- b) Far, i dine hender gjev eg mi ånd
- c) Eg tørstar!

15. Kva avgjer tidspunktet for påske?

- a) Fullmånen
- b) Litt seinare enn året før, i ein syklus på sju år
- c) Snøkløkkene



Fasit på side 7

# Aktivitetsdagar på Skjergardsheimen

Det siste året har det vore mindre lyd og springing i gangane på Skjergardsheimen enn vanleg. For tida kan det ikkje arrangerast vanlege leirar med overnatting, men heldigvis så stoppar det ikkje heilt opp! Dei siste helgene har 6. og 7. klasse hatt aktivitetsdagar på leirplassen.

**Tekst: Hogne Berland**  
**Foto: Magnus Kårbø Rong**



Allsang på bibelsamling

To klassar om gongen har vorte invitert og fått oppleve litt leir utan at det er heilt leir. Ein kan få gjort mykje på ein dag og det vart tid til både bibelvandring, sang, taco, kiosk, crazy games og leirfest. 7. klasse fekk stifta nærare bekjenskap med profetane i det gamle testamentet. 6. klasse fekk høyra om påsken og møte personar frå påskehistoria i Bibelen.

På slutten av dagen vart deltakarane innbudt til nyvinninga Restaurant Skjergardsheimen. Her kunne dei bestille tre-retters måltid med popcorn til forrett, ostemørbrød til hovudrett og brownies og is til dessert. Ledarane hadde for anledninga rollen som servitører og måtte ta hånd om mange spesialbestillinger. Skulle ketchupen vera på sida eller oppå

ostesmørbrødet? Skulle det vera både nonstop og sjokoladesaus på isen? Barna virka fornøgd med konseptet, mens stressa servitører foreslo at Restaurant Skjergardsheimen ikkje trengte vera open på kvar leir framover.

Det var kjekt å få vera på Skjergardsheimen igjen og vi gler oss til å invitere til fulle leirar med overnatting frå hausten igjen!



Det blir også tid til litt roleg brettspel i fritida



Både ledarar og deltakarar gjer alt i skrikekonkurransen



Intens bibellesing

## Hogne har ordet

**Hogne Berland**  
Kyrkjelydspedagog



Mange har Bibelen som ein app på telefonen. Eg brukar den mykje sjølv og syns den er genial. Her kan eg lett slå opp, søke, merke vers, samanlikne bibeloversetjinar og følge bibelleseplanar åleine eller saman med venner.

Appen er også kjekk å anbefale til ungdomar. Eg veit at mange er glad for moglegheita til å få eit varsel med «dagens bibelvers» kvar dag. I tillegg likar mange at det er lett å finna fram til bibelstaden ein leitar etter.

Ein annan ting som er interessant med appen, er at dei som står bak får opp statistikk på kva bibelvers som vert mest lest i verda. I dag las eg ein artikkel som fortalde at verset som vart mest lest og søkt på i 2020 var Jesaja 41,10. Der talar Gud til israelsfolket og seier:

*Frykt ikkje, for eg er med deg,  
ver ikkje redd, for eg er din Gud!  
Eg gjer deg sterk og hjelper deg  
og held deg oppe  
med mi rettferds høgre hand.*

Kanskje ikkje så overraskande at det var eit slikt vers som vart mest populært i 2020? Dette er eit vers som viser Guds omsorg når nokon er redde. Gud har ikkje lova oss eit problemfritt liv, men han har lova å vera med oss gjennom det som er vanskeleg.

## Dette skjer

*Med atterhald om endringar og avlysingar.*

### LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

24.-26. april:	Ungdomsskuleleir
15.-17. okt:	Leirdagar 1. og 2. klasse
30.-31. okt:	3. klasseleir
3.-5. desember:	4. klasseleir

### REFUEL

9. april  
23. april  
7. mai  
21. mai  
4. juni  
18. juni

**Stad:** Rong senter  
**Tid:** 19.30–22.30

### KRIK

16. april  
30. april  
14. mai  
28. mai  
11. juni

**Stad:** Hjeltefjorden arena  
**Tid:** 19.30–21.30

### GOSPELTEENS

20. april  
4. mai  
18. mai  
1. juni  
15. juni

**Stad:** Blomvåg kyrkje  
**Tid:** 18.00–20.00

### INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga. E-post: [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no)

### Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane. Ta kontakt om du vil delta frivillig.



# Rikmannsdottera som valgte slummen

Ho var ei kristen rikmannsdotter med ei lysande framtid i næringslivet i Egypt. I staden valgte Maggie Gobran å bruke livet til å gje eit betre liv til titusenviis av born på søppelplassane i Kairo.

**Tekst: Johannes Morken, Stefanusalliansen**  
**Foto: Stefanusalliansen**



Medarbeidar i Stefanusbarna på heimebesøk



Mama Maggie

I dag vert ho kalla Mama Maggie, og er primus motor for det arbeidet som Blomvåg og Hjelme er med og støttar. I Egypt er svært mange fattige kristne overlatt til å skaffe seg eit spinkelt levebrød på søppelplassane. Dei som bur på søppelfjellet Muqattam i Kairo, sorterar og gjenvinn søppel – som dei så sel.

## Veks opp i søppel

Vi kan ikkje førestelle oss korleis det er å leva på ein egyptisk søppelplass. Norske gjenvinningsstasjonar er ordna og ryddige. På søppelfjellet i Kairo veks borna opp blant avfall. Dei kjenner ikkje verda utanfor. I «søppelbyane» i Kairo har Mama Maggie sin organisasjon, Stefanus-barna, bygd barnehagar og skular. Kvar veke får

familiane besøk av ein medarbeidar som følgjer dei opp. Stefanusbarna arrangerer leirar for barn og unge. Borna og familiene får helsehjelp. Det vert delt ut mat og klær.

## «Eg kan!»

Den norske organisasjonen Stefanusalliansen har støtta arbeidet sidan 2005. Ein av videoane på organisasjonen sine nettsider fortel historia om jenta Simone. Ho fekk såra på føtene rensa, og fekk nye sandalar som beskytter føtene mot skarpe og farlege gjenstandar. Borna som er omgjeven av alt det rikfolk kastar fra seg, får kvar dag høyre at dei sjølv er verdifulle og elska. Stefanus-barna sitt motto er: «Eg kan!»

## I Hjelme og Blomvåg

Konfirmantane i Blomvåg og Hjelme har kvart år innsamlingsaksjon for å samle inn pengar til Stefanusbarna sitt hjelpearbeid i søppelbyane. I år vart aksjonen digital. I staden for å gå med bøsser, har konfirmantane laga video og delt aksjonen på Facebook. I skrivande stund er det kome inn 26 000 kroner gjennom Vipps og på Facebook! Ei stor takk til alle som har vore med å støtte! Om du ikkje har fått sjansen endå, men har lyst å vera med, er det framleis mogleg å vippse til 82511 og merke gåva med «søppelbyen».

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Ved Rong senter  
Tlf. 56 38 71 20  
Mandag – lørdag  
kl. 07.00–23.00



**Asane Begravelsesbyrå AS**  
v/Johannes Blom  
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**  
www.solstrands.no  
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

**TORSVIK MUR**  
Alt i mur, puss og flisearbeid  
Rehabilitering/fornyning av gamle skorsteiner/piper  
Vidar Vik Torsvik  
murmester  
Dalekletten 44  
5337 Rong  
Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com



**NORGESHUS NORGESHUS**  
TH Bhas Bygg Øygarden  
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålset 2, 5337 Rong  
e-post: [ta@norgeshus.no](mailto:ta@norgeshus.no)  
[www.norgeshus.no](http://www.norgeshus.no)

# Montér

**Øygarden Byggsenter AS**

Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: [post@oybygg.no](mailto:post@oybygg.no)  
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00, lørd 09.00-14.00

**Ønsker du sol hjem?**  
Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller  
**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22  
Mobil: 918 56 258

**Øygarden elektriske as**  
Tlf.: 56 38 24 40  
Fax: 56 38 24 41  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

**Vest Modul AS**  
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
  - Nybygg
  - Rehabilitering
  - Montering og utleie av brakker
- Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967  
Trelastlager Tjeldstø



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

**Rong Catering a/s**  
Tlf. 9185 6258

Vi formidlar blomster til innland og utland

INTERFLORA

**Blomsterbua**  
Rong senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong

Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken  
Moderne bilverksted m EU/kontroll  
Reparasjon av alle bilmerker  
V askehall  
Kaffiavtale  
Gass

**BLOM SERVICESENTER AS**  
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
Godkjent bilverksted

**SPAR**  
- ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten  
Velsmakende varmmat  
Fristende frukt og grønt  
Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten Bank i butikk SPAR Rong tlf. 56 38 71 40

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.  
Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden  
TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjernet 4, 5353 Straume | samme hus som Ligningskontoret |

*Bergen Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN    AVD. SOTRA  
Teatergt. 20    2.etg på Shellstasjonen  
5010 Bergen    Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50    Tlf: 55 21 44 50

Din lokale elektriker!

**Vestgar Elektro**  
Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
Tlf. 400 30 210  
post@vestgarelektro.no  
www.vestgarelektro.no

*Fag Revisjon as*  
Revisjon & regnskap  
Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,  
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no  
Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

**Torsvik ELEKTRO**  
Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabollegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00  
Vaktttelefon: 922 34 062  
www.torsteinsvik.no

**Godfoten**  
FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter  
Timebestilling på mob nr 94023865  
Eller på www.godfoten-as.no

Vi har gavekort!

## Til lukke!

### 70 år

- 4. april Edvin Sauholmen, Veslevarden 51
- 11. april Børre Holt, Fagrebakkane 10
- 15. april Rigmor Elise Svellingen, Kanalvegen 10
- 16. april Jarle Inge Oen, Rabbane 6
- 17. april Jorunn Haldis Rong Torsvik, Austemarka 10
- 18. april Solbjørg Ellinor Olsen, Vasskarbrekka 1
- 22. april Oddvar Magne Rong, Gjetlingavegen 4
- 2. mai Ove Halland, Raudhammaren 37
- 2. mai Erling Dag Kvalvik, Tanglevikvegen 26
- 2. mai Marit Helen Nyheim Toft, Vestrevegen 106
- 2. mai Grethe Kirsten Hatten, Sturevegen 87
- 19. mai Åshild Marie Oen Levinsen, Hjelmevegen 5
- 25. mai Irene Oen, Museumsvegen 22

### 75 år

- 1. april Astrid Vik, Helgebrekka 14
- 4. april Bjørn Olaf Madsen, Torvhaugen 20
- 15. april Magnus Nilmar Torsvik, Solvang 19

- 17. april Målfrid Solsvik, Vågsneset 5
- 19. april Vigdis James, Solbakkvegen 40
- 25. april Arvid Harald Torsvik, Solbakkvegen 40
- 14. mai Magnar Sverre Torsvik, Tollbuvegen 30
- 21. mai John Oscar Dale, Arsettunet 41
- 4. juni Lars Fjeldstad, Grønhaugvegen 71

### 80 år

- 7. april Magne Kristian Fureberg, Jensvardvegen 43
- 7. april Solveig Karin Bekkenes, Dåvøyvegen 48
- 12. april Alf Magne Skjold, Ådnevikvegen 72
- 28. april Oddvar Johan Dahl, Hellesøyvegen 259
- 28. april Ingeborg Birkeland Vik, Vikabrekka 55

### 85 år

- 12. april Margrethe Myklestad, Veslevarden 52
- 20. april Norvald Ole Bekkenes, Dåvøyvegen 48
- 28. april Norvald Heggøy, Slåttevegen 9
- 8. mai Oline Kristine Torsvik, Bruberget 4
- 22. mai Borgny Liv Knappen, Kanalvegen 5

## Døpte

### Blomvåg

- Trym Eikeland Soløy, Helgebrekka (Høyland kyrkje)
- Iben Vabø Hennø, Fagrebakkane

### Hjelme

- Lian André Steffensen, Hellesøy

## Bibeltimar

### Nautnes bedehus våren 2020

Torsdag 29. april kl 19.00  
Asle Hetlebakke

Torsdag 27. mai kl 19.00  
Asle Hetlebakke

## Døde

### Blomvåg

- Helena Johanna Rong, Arsetlia f. 1918
- Arina Kallestad, Rong f. 2021
- Stian Rong, Austemarka f. 1998
- Rolf Nesse, Veslevarden, f. 1958

### Hjelme

- Anna Oliva Berland, Heggøy f. 1928
- Kåre Ove Sæle, Hellesøyvegen f. 1951
- Sven Robert Paulsen, Hatten f. 1942
- Johannes K. Hellesøy, Hellesøy f. 1934

## Gudstener

Endringer kan komme grunna covid-19, det kan bli påmelding på gudstenerestene. **Følg med i Vestnytt og på nettsidene våre: www.kyrkja.no/oygarden**

**28. mars kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Palmesøndag. Gudstenereste ved Espen Tveten

**1. april kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Skjærtorsdag. Nattverdsgudstenereste ved Espen Tveten.

**2. april kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Langfredagsgudstenereste ved Knut Kaldestad.

**4. april kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Påskedag. Høgtidsgudstenereste ved Knut Kaldestad.

**5. april kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
2. påskedag. Høgtidsgudstenereste ved Knut Kaldestad.

**11. april kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Sprell levande gudstenereste ved Espen Tveten. Utdeling av bok til 4- og 5-åringar.

**18. april kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudstenereste ved Espen Tveten

**25. april kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Gudstenereste ved Espen Tveten

**13. mai kl. 11.00 i Vik bedehus**  
Gudstenereste ved Knut Kaldestad

**16. mai kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje**  
Gudstenereste ved Knut Kaldestad

**17. mai kl. 10.00 i Hjelme gamle kyrkje**  
Gudstenereste ved Espen Tveten

**17. mai kl. 11.30 i Blomvåg kyrkje**  
Gudstenereste ved Espen Tveten

**23. mai kl. 11.00 i Hjelme kyrkje**  
Gudstenereste ved Espen Tveten

**24. mai, 2. pinsedag, i Hjelme gamle kyrkje**  
Vi går den gamle kyrkjevegen frå Hellesund til Hjelme gamle kyrkje. Ei kort gudstenereste etter turen. Eit samarbeid med kommunen.

**30. mai i Hjelme kyrkje kl. 11.00.**  
Gudstenereste ved Espen Tveten

**6. juni kl. 11.00 i Blomvåg kyrkje.**  
Gudstenereste ved Espen Tveten. Dersom mulig er det jubileum for 50års-konfirmantar.


Du kan også lese om kyrkja si  
verksemd på:

[kyrkja.no/oygarden](http://kyrkja.no/oygarden)

**Distribusjon i  
Hjelme og Blomvåk sokn:**  
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor  
Hjelme og Blomvåk sokn:**  
Posten Norge

**Returadresse:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



Dåp

## Eit teikn på Guds kjærleik

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

**Påmeldinga er no digital og kan gjerast på nettsidane våre!**

**For påmelding og informasjon om dåp gå inn på  
[kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)**



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellesråd